



Hordaland Fylkeskommune  
v/Skyss  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Att.: Kjetil Kristiansen  
konst. leiar avd. trafikktilbod

Ågotnes, 5. juni 2019

Vår ref.: OE/NGP-6/2019  
Dykkar ref.: 2017/15772-11

### **Høyring – Utgreiing “Båtforbindelse mellom nye Øygarden og Bergen”.**

Viser til brev og rapport datert 23.04.2019 om mogeleg båtsamband mellom nye Øygarden og Bergen.

Naturgassparken Vest AS er invitert til å gje innspel og kommentarer til rapporten.

**For å sikre gode tilhøve for den auka aktiviteten som er venta i Naturgassparken og Øygarden framover, er det av største viktigeit at den nye vegparsellen mellom Ågotnes og Kolltveit blir realisert snarast. Hurtigbåtsamband mot Bergen kan i framtida være eit tenleg alternativ for pendling til og frå Naturgassparken.**

Naturgassparken næringspark ligg sentralt i Øygarden kommune med nærleik til kommunesenteret Rong og olje- og gassterminalane på Kollsnes og Sture.

Naturgassparken Vest AS er eit eigedomsselskap eigd av Øygarden kommune og Coast Center Base AS. Selskapet eig og driftar Naturgassparken næringsområde saman med bl.a. CCB Kollsnes AS.

Det er etablert fleire bedrifter i Naturgassparken, samt at det er hamn med djupvasskai for betjening av skip opp til ca 10.000 T.

Naturgassparken er utpeikt som lokalitet for det nasjonale anlegget for handtering og lagring av CO<sub>2</sub> innsamla frå norsk industri. Det er saman med myndigheitene konkrete planar om å motta CO<sub>2</sub> innsamla fleire stadar i Europa. Stortinget vil i nær framtid vedta finansiering og utbygging av dette anlegget med nye kai-anlegg og røyrledning ut til Aurora-feltet i Nordsjøen der flytande CO<sub>2</sub> skal deponerast i undergrunnen.

Fleire rapportar, mellom anna frå Sintef<sup>1)</sup> peikar på at etablering av eit slikt CO<sub>2</sub> anlegg vil være startskotet på eit nytt industrieventyr i Noreg med etablering av mange nye bedrifter og arbeidsplassar. I Naturgassparken er det store regulerte arealer for slik etablering med god infrastruktur etablert.

Bedriftene i Naturgassparken har i dag ca 75 arbeidsplassar med pendling inn frå heile regionen vest for Sotrabraua, men og ein del frå området aust for brua. Svært få av desse bur sentralt i Bergen og vil difor ikkje kunne gå til hurtigbåtterminalen for å reise med båt til Øygarden. Bruk av bil og parkering i sentrum er ikkje noko realistisk alternativ ved bruk av hurtigbåt ved pendling.

1) Sintef 2018: Industrielle muligheter og arbeidsplasser ved CO<sub>2</sub>-håndtering i Norge. Rapportnr 2018:0450, ISBN 978-82-14-6887-0-Åpen


Naturgassparken ligg ca 20 nautiske mil frå Bergen hamn og ca 45 km langs Rv555/FV561. På sjøen er mesteparten av denne strekninga i Hjeltefjorden som her er nokså værutsett med bølger som vil påvirke fartøyer i den størrelse som her aktuell. Spesielt er dette aktuelt haust og vinterstid. Etablerte hurtigbåtsamband frå Bergen til Nordfjord og Sogn nyttar difor ikkje denne farleia.

Rapporten er grundig og talfestar antal (tabell 2-2 og 2-3) som pendlar både inn og ut til Øygarden. Vi veit at få av desse i liten grad bur eller arbeider i Bergen sentrum, og båtsamband vil derfor ikkje være eit tenleg tilbod for desse i dag.

Figur 2-6 viser at det er mange som arbeider i Kollsnes-området. Dette er i hovudsak Equinor sin gassterminal og Naturgassparken.

Det kan planleggjast for framtidig etablering av hurtigbåt-terminal i Naturgassparken med shuttlebuss til "park & ride" løysingar nærare FV561. Men her må det takast omsyn til sikring- omsynssoner som er etablert for LNG anlegget og det komande CO2 anlegget. Det er mogeleg at kaier lenger sør i Øygarden vil være meir tenleg for slik utbygging, t.d. tidlegare ferjekai i Rongesundet.

Med venleg helsing  
Naturgassparken Vest AS



Oscar Eide  
Dagleg leiar